

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>	<b>Saksbeh</b>
Utval for teknisk sektor	23.06.2008	047/08	KST
Kommunestyret	02.07.2008	070/08	KST

Saksbeh Kjersti Sande Tveit	Arkivsaknr 05/40- 73	Arkiv K1-142
--------------------------------	-------------------------	-----------------

## **KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. FASTSETTING AV PLANPROGRAM.**

### **ADMINISTRASJONSSJEFEN SI TILRÅDING:**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova §6 vert planprogram for kommunedelplan for Bulandet og Værlandet fastsett med desse endringane: Siste avsnitt i kap. 3 vert skifta ut med:

”Verknadene av planen skal vurderast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg II, der krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga er fastsett. Ein skal ma. sjå på

- endring i dagens utbyggingsmønster
- korleis natur-, kultur- og friluftsverdiar vert rørt av endra arealbruk, og korleis ein kan sikre attraktive/interessante område
- korleis folkehelse og tilgjenge til område (universell utforming) vert påverka av utbygging
- korleis framtidige utbyggingsområde er utsett for potensiell fare/ulempes/sårbarheit gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse”

### **23.06.2008 UTVAL FOR TEKNISK SEKTOR**

Røysting-

samrøystes: Utval for teknisk sektor er samd i administrasjonssjefen si tilråding.

### **UTS-047/08 TILRÅDING:**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova §6 vert planprogram for kommunedelplan for Bulandet og Værlandet fastsett med desse endringane: Siste avsnitt i kap. 3 vert skifta ut med:

”Verknadene av planen skal vurderast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg II, der krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga er fastsett. Ein skal ma. sjå på

- endring i dagens utbyggingsmønster
- korleis natur-, kultur- og friluftsverdiar vert rørt av endra arealbruk, og korleis ein kan sikre attraktive/interessante område
- korleis folkehelse og tilgjenge til område (universell utforming) vert påverka av utbygging
- korleis framtidige utbyggingsområde er utsett for potensiell fare/ulempes/sårbarheit gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse.

### **02.07.2008 KOMMUNESTYRET**

Røysting – samrøystes:

Utval for teknisk sektor si tilråding vart vedteken.

### **KOM-070/08 VEDTAK:**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova §6 vert planprogram for kommunedelplan for Bulandet og Værlandet fastsett med desse endringane: Siste avsnitt i kap. 3 vert skifta ut med:

”Verknadene av planen skal vurderast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg II, der krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga er fastsett. Ein skal ma. sjå på

- endring i dagens utbyggingsmønster
- korleis natur-, kultur- og friluftsverdiar vert rørt av endra arealbruk, og korleis ein kan sikre attraktive/interessante område
- korleis folkehelse og tilgjenge til område (universell utforming) vert påverka av utbygging
- korleis framtidige utbyggingsområde er utsett for potensiell fare/ulempes/sårbarheit gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse.

### **SAKSDOKUMENT:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
40	U	22.04.2008	Firda; Firdaposten	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM. ANNONSE.
41	U	22.04.2008	38 mottakere...	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSEL OM OPPSTART AV

49	I	22.04.2008	Norconsult AS	PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM. PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN
46	I	24.04.2008	Mona Falkenstein og Andre Grov Kato Grønfur	VEDRØRANDE KOMMUNEPLAN - HYTTEOMRÅDE
44	I	28.04.2008	Naustdal kommune	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
45	I	28.04.2008	Vestavind Kraft AS	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
47	I	04.05.2008	Telenor - servicesenter for nettutbygging	BEKREFTELSE PÅ MOTTATT KOMMUNEDELPLAN
48	I	05.05.2008	Kystverket Vest	VEDRØRANDE VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM -
51	I	16.05.2008	Bergvesenet	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID - HØYRING AV PLANPROGRAM
52	U	20.05.2008	Firda	RULLERING AV AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN
53	U	20.05.2008	Nikøy AS; Værlandet Handel AS	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - FOLKEMØTE
54	I	21.05.2008	Per Vidar Nybø	INNSPEL I SAMBAND MED NY AREALPLAN FOR ASKVOLL KOMMUNE
55	I	24.05.2008	Statens vegvesen region vest	FRÅSEGN TIL KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM
56	I	26.05.2008	Vestnorsk havbrukslag	VEDKJEM KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. OPPSTART AV PLANARBEID
57	I	29.05.2008	Region Vest Fiskeridirektoratet	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. VARSLE OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM. UTTALE
68	I	29.05.2008	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM

60	I	01.06.2008	MHF Askvoll/Rørvik lag	MERKNAD TIL KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
61	I	03.06.2008	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum	VEDR. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØRING AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - FORHOLDET TIL MARINE KULTURMINNE
58	I	03.06.2008	Sogn og Fjordane Turlag	HØYRINGSFRÅSEGN - KOMMUNEPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET. HØYRING AV PLANPROGRAM
59	I	03.06.2008	Arve H. Norstrand	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET - BRUKSENDRING AV EKSISTERANDE SJØBUER
70	I	04.06.2008	Einar Magne Hillersøy	KOMMUNEPLAN FOR AREALBRUKEN I BULANDET OG VÆRLANDET- GNR. 68, BNR. 1
67	I	05.06.2008	Anne Britt Sandøy	INNSPEL KOMMUNEDELPLAN VÆRLANDET/BULANDET - GNR. 69, BNR. 15
65	I	05.06.2008	Brimmen Quarry AS	UTTALE I SAMBAND MED KOMMUNEDELPLAN FOR VÆRLANDET - BULANDET
62	I	05.06.2008	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	FRÅSEGN TIL VARSLA OPPSTART AV KOMMUNEDELPLAN OG HØYRING AV PLANPROGRAM FOR BULANDET OG VÆRLANDET
63	I	08.06.2008	Arin Morten Kjempenes	MERKNADER BJØRNØYANE - KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET OG VÆRLANDET
64	I	08.06.2008	Målfrid Hittun Fedøy	AREALPLAN PÅ VÆRLANDET- GNR. 60, BNR. 176
66	I	08.06.2008	Anne Britt Sandøy	INNSPEL KOMMUNEDELPLAN VÆRLANDET/BULANDET - GNR. 60, BNR. 28
69	I	09.06.2008	Bulandet Grendalag	INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN BULANDET - VÆRLANDET
74	I	13.06.2008	Per Vidar Nybø	INNSPEL I SAMBAND MED KOMMUNEPLANEN - VÆRLANDET
72	I	15.06.2008	Askvoll idrettsråd	KOMMUNEDELPLAN FOR BULANDET - VÆRLANDET - HØYRING FRÅ ASKVOLL

UTS 034/08 (høyring av planprogram) (uprenta)  
Berre dok. 49, 51, 56-58, 60, 62 og 68 er prenta.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

-

**Kva saka gjeld:**

-

**Saksutgreiing:**

I sak UTS 34/08 vart det vedteke å legge framlegg til planprogram for kommunedelplan for Bulandet og Værlandet ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet har ligge framme på Nikøy AS i Bulandet, Værlandet handel AS og rådhuset på Røyset i Askvoll i tidsrommet 24.04.08-05.06.08. Frist for å komme med merknader var 05.06.08. Utlegginga er kunngjort i Firda og Firdaposten. Framlegget har vore sendt på høyring til fylkeskommunen, ulike statlege organ, nabokommunar, velforeiningar og ei rekke organisasjonar – om lag 40 høyringspartar til saman. I tillegg har planprogrammet vore lagt ut på Bulandet grendalag og Værlandet vel sine internettsider.

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova §6 skal kommunen handsame saka med dei merknadene som er komne inn, og fastsette planprogrammet.

Fastsetting av planprogrammet er det første steget i arbeidet med kommunedelplanen. Planprogrammet skal fastsette kva for tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet. Planen med konsekvensutgreiing skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet.

Offentleg ettersyn av planprogrammet er samkøyrert med kunngjering av oppstart av planarbeidet. Dei fleste merknadene som er komne inn no, inneheld innspel til arealbruken. Desse innspela vert ikkje kommentert no, men vil følgje saka vidare, og verte handsama når planen med konsekvensutgreiing vert utarbeidd og lagt ut til offentleg ettersyn.

**Innkomne merknader:**

Det er komne inn 7 fråsegner til framlegget til planprogram.

Brev dat. 29.05.08 frå fylkeskommunen:

Meiner planprogrammet er presentert på ein ryddig og informativ måte tilpassa planutfordringane. Tiltrår at det vert gjennomført ei strandsoneanalyse som del av planarbeidet for å grunngje arealbruken på ein betre og meir heilskapleg måte. Føreset at fylkeskommunen og fagstyresmaktene på fylkesnivå deltek for å finne akseptable løysingar med utgangspunkt i dei innspela som kjem inn. Oppmodar om å ha møte i Planforum i løpet av planprosessen.

Brev dat. 05.06.08 frå fylkesmannen:

Finn lista med vurderingstema/deltema for konsekvensutgreiing å vere noko mangelfull innanfor samfunnstryggleik/beredskap, folkehelse/universell utforming og miljø, og

oppmodar om at lista i planprogrammet vert supplert. Ser gjerne at utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing vert presentert og drøfta i planforum, slik at eventuelle interessemotsetnader kan avklarast før offentleg ettersyn.

Planlegginga må ha som siktemål å utforme trygge og robuste lokalsamfunn som ikkje utset menneskje, materiell eller miljø for unødige fare. Det er berre gjennom analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) at det er mogeleg å ta nødvendige omsyn i planprosessen. I dette arbeidet bør kommunane mobilisere eit breitt tverrfagleg samarbeid, der òg frivillige organisasjonar, næringslivet og lokalbefolkninga deltek. På kommuneplan-/kommunedelplannivå er det tilstrekkeleg med ein overordna analyse for å kartlegge *potensiell* fare/ulempes/sårbarheit i nye utbyggingsområde. På reguleringsplannivå må analysen kunne dokumentere *reell* fare og eventuelle behov for sikringstiltak. I planprogrammet vert det peika på vind og stormflo som aktuelle vurderingstema. Dette må berre vere døme og ikkje ei uttømmende opplisting av aktuelle ROS-tema.

Helse og universell utforming er ikkje nemnde blant dei tema som skal vurderast. Viser til KU-forskrifta, der det går fram at konsekvensutgreiinga i nødvendig grad må klargjere eventuelle verknader av planframlegget for ma. befolkningens helse og tilgjengelighet til uteområder.

Ser det som viktig at kommunen avklarar arealdisponeringa i strandsona slik at omsynet til allmenne friluftinteresser, landskapskvalitetar og natur- og kulturmiljø vert ivareteke. Det er ønskjeleg med ei strandsoneanalyse som grunnlag for vurdering av arealbruken i strandsona for å sikre gode løysingar tilpassa dei lokale tilhøva. Friluftsliv, natur og kulturlandskap er noko snevert definert i planprogrammet. Ber om at ei rekkje tema vert teke inn i planprogrammet kap. 3: friluftsliv og rekreasjon, naturverdiar/biologisk mangfald, landskap, kulturmiljø, ureining.

Vurderingstema knytt til samfunnstryggleik/ROS-analyse og folkehelse/universell utforming må òg takast inn i planprogrammet kap.3.

Brev dat. 28.05.08 frå Fiskeridirektoratet:

Ber om at òg arealbruken i sjø blir vurdert og sett i samanheng med arealbruken på land i kommunedelplanen.

Brev dat. 16.05.08 frå Bergvesenet:

Meiner det endelege planprogrammet må innehalde eit tema som inneber at ein vurderer blokksteinressursen på Værlandet og dei områda som kan settast av til råstoffutvinning. Ein oversikt over desse ressursane er nødvendig for å hindre nedbygging og anna bandlegging av ein viktig førekomsttype.

Brev dat. 03.06.08 frå Sogn og Fjordane turlag:

Meiner det er viktig å ta omsyn til friluftslivet på øyane i arbeidet med planprogram. Desse omsyna vil òg i stor grad vere samanfallande med å ta omsyn til både reiselivet og til dei som bur på øyane. I framlegg til planprogram pkt. 1.2, 2. avsnitt om hovudspørsmål ønskjer dei å ha med eit tillegg om å sikre areal for friluftsliv på land og i sjø. Trur det er viktig å tenkje grundig gjennom kor store areal ein eventuelt skal sette av til hyttebygging. Det er lite att av dei mest attraktive areala, og vil truleg vere sterk konkurranse mellom areal til ulike føremål. Det er òg viktig å vurdere om det skal settast i verk tiltak for å bremse/hindre "hyttifisering" av bustader bygde for heilårsbusetnad.

Brev dat. 01.06.08 frå NHF Askvoll/Rørvik lag:

Peiker på at det må takast omsyn til universell utforming i planarbeidet.

Brev dat. 26.05.08 frå FHL Vestnorsk Havbrukslag:

Det er store unytta arealmessige potensiale for vidare utvikling av oppdrettsnæringa. For dei kommunane som vil vere med på denne utviklinga, er det viktig å avsetje areal til havbruk i kystsonoplanane sine. Ønskjer at Askvoll kommune stiller høvelege areal til disposisjon for fiskeoppdrett.

**Vurdering:**

Fiskeridirektoratet og Vestnorsk Havbrukslag ønskjer at ein skal sjå på arealbruken i sjøområda i tillegg til landområda. Sjøområda vart vurderte i kommunedelplan for sjøområda (kystsonoplanen), vedteken i 1999. Administrasjonen har ikkje oppfatta særlege konfliktrar eller press som tilseier at det hastar med å rullere planen. Dersom det kjem konkrete innspel til arealbruk, vil kommunen vurdere å innarbeide desse. Nokre tema lyt ein sjå på fordi det har nær tilknytning til arealbruken på land (td. kaier). Administrasjonen meiner likevel det er viktigare å konsentrere seg om arealbruken på land no, noko som vil innebere omfattande vurderingar. Administrasjonen ser føre seg at ein i løpet av høvesvis kort tid vil innarbeide kommunedelplan for Bulandet og Værlandet i rulleringa av arealdelen for heile kommunen. Det vil då passe å fokusere nærare på bruken av sjøområda, når ein ser på heile kommunen samla.

Fylkeskommunen og fylkesmannen tilrår at kommunen utarbeider ein strandsoneanalyse som grunnlag for planarbeidet. Administrasjonen har i samarbeid med konsulenten vurdert dette, og konkludert med at vi ikkje utarbeider eigen strandsoneanalyse. Det meste av vurderingane som vert gjort i ein slik analyse vil bli innarbeidd som ein del av konsekvensutgreiinga i alle tilfelle.

Fylkesmannen og NHF Askvoll/Rørvik lag ønskjer at folkehelse og universell utforming vert teke inn i planprogrammet. Bergvesenet ønskjer at det vert innarbeidd eit avsnitt om råstoffutvinning. Krav til kva konsekvensutgreiinga skal innehalde er gjeve i KU-forskrifta. Det er der ramsa opp dei tema som skal vurderast *i nødvendig utstrekning*. Innhaldet i konsekvensutgreiinga/planen skal tilpassast situasjonen i det aktuelle planområdet. Ein del tema vil vere uaktuelle eller mindre viktige å vurdere. I planprogrammet har kommunen teke inn dei *viktigaste* temaene ein skal sjå på. Sjølv sagt skal kommunen vurdere alle dei temaene som går fram av lovverket. Administrasjonen ser det likevel som unødvendig å ramse opp alle dei temaene ein skal innom i planarbeidet.

Fylkesmannen meiner kommunen må fokusere sterkare på ROS-analyse i planarbeidet. Kommunen har meint å handsame dette temaet skikkeleg i planen. Administrasjonen ser likevel at det kunne vore uttrykt betre i planprogrammet.

Sogn og Fjordane turlag ønskjer at det vert innarbeidd eit tillegg i planprogrammet om å sikre areal for friluftsliv på land og i sjø. Fylkesmannen peikar på at lista med vurderingstema til konsekvensutgreiinga innanfor miljøområdet er mangelfull. I planprogrammet er det vist til konsekvensvurderingar iht. *viktige* natur- og friluftsområde og *viktige* kulturlandskap og registrerte kulturminne (kap. 3). Administrasjonen ser at dette har fått ein litt uheldig ordlyd i planprogrammet. Det er ikkje berre dei *viktigaste* områda innanfor desse temaene som skal vurderast.

Administrasjonen tilrår at siste avsnitt i kap. 3 vert skifta ut med:

”Verknadene av planen skal vurderast i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg II, der krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga er fastsett. Ein skal ma. sjå på

- endring i dagens utbyggingsmønster
- korleis natur-, kultur- og friluftsverdiar vert rørt av endra arealbruk, og korleis ein kan sikre attraktive/interessante område
- korleis folkehelse og tilgjenge til område (universell utforming) vert påverka av utbygging
- korleis framtidige utbyggingsområde er utsett for potensiell fare/ulempes/sårbarheit gjennom ein risiko- og sårbarheitsanalyse”